

Ver aktiv og engasjer deg i Uskedal utvikling.

31.01.2018



Uskedal utvikling eig og har driftsansvaret for Gamleskulen. Fedigstilling av kjellaren er eit aktuelt prosjekt for dei som ynskjer å engasjera seg.

Uskedal utvikling har motteke spørsmål om korleis ein kan engasjera seg i gode tiltak som skaper utvikling i bygda. På årsmøte onsdag 7. februar vert Handlingsplanen revidert. Det er trong for engasjerte personar som vil vera med i Uskedal utvikling, anten det gjeld dagleg drift eller prosjekt. Mange tiltak ventar på ei løysing. Kom på årsmøte eller ta kontakt med styret. Sjå lista nedanfor.

Her finn du noko av det som er mest aktuelt å engasjera seg i. Har du andre gode tankar, ta kontakt med styret.

- **Nettsida Uskedalen.no:** Redaksjonen treng hjelp til skriving, redigering og det å leggja ut stoff. Dei som melder seg til slike oppgåver, får opplæring. Aktiviteten på nettsida vert redusert om ingen melder seg for skriving
- **Kafe Tiaren:** Turnusliste med drift av Kafe Tiaren på tysdagar kl. 11 - 14
- **Blomar og beplantning i sentrum:** Rydding i blomebeddet ved Busslomma og beplantning i krukker i sentrum
- **Kjellaren i Gamleskulen:** Vera med i arbeidet med ferdigstilling av kjellaren. Her treng ein gode idear, men også praktisk hjelp
- **Turvegar i nærområde:** Dette gjeld tilsyn og vedlikehald av turvegen over Dønhaug, rundt campingen, båthamna og Neset. Korleis kan vi tilretteleggja for nye turvegtrasear ?
- **Gang- og sykkelveg til Steinsletto:** For å koma vidare med dette prosjektet, treng vi ei pressgruppe som kan jobba politisk og inn mot Vegvesenet og kommunen. Arbeidet omfattar også trafikksikring og fartsdempande tiltak gjennom sentrum
- **Strand- og plastrydding:** Tiltaket vert gjort i samarbeid med SIM. Gjeld også rydding langs elva og der det elles er mykje bos

- **Auka medlemstal:** I høve til den funksjonen Uskedal utvikling har i bygda, er eit medlemstal på 30 altfor lågt. Styret vil redusera årspengane frå kr. 300 til kr. 200, og vonar med dette at medlemstalet aukar monaleg.

Ved inngangen til nytt år er tida inne for å ta ei avgjær om du vil engasjera deg og på den måten vera med og skapa eit godt og aktivt bu- og oppvekstmiljø i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringrdal



Nye tilrettelagde turvegar i nærområde vil alltid vera gode tiltak, mellom anna for ei god folkehelse.